



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Vår dato: 11.08.2023
Vår ref: 2023/11543

Dykkar dato:
Dykkar ref: 2023/1941


Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Dispensasjon - Osterøy 60/1 - Votlo - bygging av mikrokraftverk

Vi viser til brev frå Osterøy kommune av 17.07.2023. Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon for bygging av mikrokraftverk mv. på gbnr. 60/1.

NVE må vurdere om tiltaket er konsesjonspliktig. Dersom tiltaket ikkje krev konsesjon etter vassressurslova, så kan saka handsamast etter reglane i plan- og bygningslova. Dvs. at kommunen med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 kan dispensere frå plan og føresegne som er gjevne i medhald av lova. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak det føremålet området er sett av til i kommuneplanen, eller reglane det vert søkt om dispensasjon frå, vert sett vesentleg til side.

Det er søkt om etablering av demning, røyrgate og kraftstasjonsbygg samt tilkomstveg. Røyrgata vil ha ein diameter på 45 cm og vere om lag 285 meter lang. Den øvre halvdel av røyrgata skal dekkast med masser og nedre del vil vere open i dagen. Røyrgata vil bli lagt parallelt med skogsbilvegen som går langs bekkeløpet. Turbinhuset er på 25 m² og plasserast om lag 2-3 m før bekken sitt utløp i elva som går ned til sjøen. Det vil bli bygt tilkomstveg til kraftstasjonen (landbruksveg klasse 7,) som vil gå i ytterkant av de dyrka areala langs elva. Det opplysts at det tidlegare har vore ei veg her. Lengde på vegen vil bli om lag 160m.



Vi finn at søknaden er mangelfull. Det vert mellom anna ikkje opplyst kva ein søker dispensasjon frå. Men det er opplyst at kommunen vurderer å handsame tiltaket som tiltak i landbruk. Slik vi tolkar dette meiner kommunen altså at tiltaket fell inn under LNF-formålet i kommuneplanen, og at det difor ikkje treng dispensasjon frå dette formålet. Det er ikkje opplyst om det er landbruksproduksjon på eigedomen og informasjon knytt til dette. Dette er vesentleg for vurderinga av om tiltaket kan vere innanfor LNF-formålet i kommuneplanen. Vegleiaren «Garden som ressurs» viser mellom anna til at energi frå eit eventuelt minikraftverk i det vesentlegaste må forbrukast på garden. Men i søknaden vert det opplyst at anlegget vil kunne produsere om lag 195 MWh, nok til forbruk for om lag 8 husstandar). Data frå NIBIO viser at eigedomen er på 211 dekar, og består av 15,7 dekar fulldyrka jord, 37,6 dekar innmarksbeite og 152,6 dekar produktiv skog. Kommunen må difor mellom anna vurdere om det er eventuell landbruksdrift på garden som vil krevje det vesentlegaste av den produserte straumen over tid for at tiltaket skal falle inn under LNF-formålet. Dette må vurderast og framkomme i dispensasjonsvurderinga/avgjersla.

I tillegg til eventuell dispensasjon frå LNF-formål krev tiltaket, slik vi kan sjå dispensasjon frå føresegna § 1.17 i kommuneplanen: «*Det er ikke tillate å leggja vassdrag eller bekkar i røyr. Vegframføring over bekk eller vassdrag eller andre tiltak som kan få innverknad på vassdrag skal gjerast slik at naturleg løp i størst mogleg grad vert ivaretatt (PBL § 11-9, nr. 6).*



Kommunen må òg mellom anna vurdere tiltaket etter vassressurslova som sett krav om at det langs bredda av vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning, og gjev levestad for planter og dyr. Kantvegetasjon er i utgangspunktet ulovleg å fjerne, jf. vrl. § 11, då den generelt er viktig natur med mange funksjonar, og har difor eit særskild vern.

Naturmangfaldlova har elles tilleggsomsyn som kommunen skal trekke inn ved utøving av mynde etter plan- og bygningslova og andre lover, og det er lovfesta i § 7 i naturmangfaldlova at vurderinga av prinsippa i §§ 8 til 12 skal gå fram av vedtaket i dispensasjonssaker. Jf. elles òg lov om lakse og innlandsfisk.

Statsforvaltaren ber om at kommunen gjer ei grundig vurdering i dispensasjonssaka om tiltaket fell inn under LNF-formålet, og vidareeventuelt både av kva grad omsyna bak arealdisponeringa og føresegner i kommuneplanen eventuelt vert skadelidande. I tillegg må det framkomme at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må i saksutgreiinga synleggjere vurderinga av desse to vilkåra, som begge må vere innfridde, for at det skal kunna gjevast dispensasjon.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent